



DEN NORSKE KYRKJA
Fjaler sokneråd

dok 155

Kultur- og Kirkeavd. Dep.	
11	
Saksnr.	<i>200800738</i> <i>1.9.08</i>
Kode	<i>ki-501</i>

Dato: 29.08.2008

Kultur og Kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Sakshandsamar: if

Dykkar ref.:

Journalnr.: 75/2008

Saksnr./vår ref.: 08/35

Arkivkode: 002.00

Styrka demokrati i Den norske kyrkja - Fjaler sokneråd sitt høyringsvar

Vedlagt ligg Fjaler sokneråd (eitt sokns kommune) sitt høyringsvar vedkomande innstillinga *Styrka demokrati i Den norske kyrkja*.

Beste helsing



Irene Fløde
Kyrkjeverje

Styrka demokrati i Den norske kyrkja

Fjaler sokneråd (eitt sokns kommune) sitt høyringssvar på innstillinga.

Demokratisering er ein lang prosess.

Fjaler sokneråd er

- sterkt uroa over hastverket med denne høyringsprosessen. Det er uheldig at innstillinga vart sendt ut like før ferien med høyringsfrist like etter ferien. Dette er demokratisvekkande og hindrar brei debatt om dette viktige temaet. Det kan verke som om høyringa er ”pro forma” (– har ingen verdi) – alt er bestemt.
- overraska over at det sterke fokuset på det nasjonale og regionale nivå ser ut til å ha gått på bekostning av fokuset på lokalt nivå. Minner om at soknet er grunneininga i Dnk.

Den største utfordringa er å styrke engasjementet til medlemmer i små sokn med små ressursar. Små sokn bør oppmuntrast til å slå seg saman slik at det i fleire små kommunar blir berre eitt råd – dette også med bakgrunn i oppgåvefordelinga mellom sokneråd og fellesråd.

Soknerådet saknar også ei vurdering av demokratiet blant tilsette. Det er m.a. ei ulogisk skeivfordeling mellom vigsla og ikkje vigsla tilsette si deltaking i bispeval.

I dette høyringssvaret vil Fjaler sokneråd stort sett berre kommentere det soknerådet har merknader til av det Arbeidsgruppa foreslår. Det rådet er heilt samd i, vil ikkje bli kommentert.

HØYRINGS-DOKUMENTET HAR FØLGJANDE KAPITTEL.

Kapittel 1 Sammen drag og arbeidsgruppens forslag

- Er delt ut til sokneråds / fellesrådsmedlemene

Kapittel 2 Innledning.

Arbeidsgruppen har forstått det slik at innstillinga skal omfatte forslag om:

- etablering av reelle valgalternativer,
- økt bruk av direkte valg,
- kirkevalg samtidig med offentleige valg,
- forslag om ulike ordningar som det kan gjøres forsøk med.

Kapittel 3 Prinsipper og premisser (siterer det vi meiner er det viktigaste avsnittet)

En vidare demokratisering av Den norske kirke må ta sitt utgangspunkt i at kirken organisatorisk består av sokn og organisk av enkeltmedlemmer. Arbeidet for å styrke demokratiet i Den norske kirke skal derfor bygge på soknet som grunnenheten i kirken og soknets organer som grunnstrukturen i kirken. Samtidig er det nødvendig å styrke det enkelte medlems muligheter til engasjement og deltaking – ikke bare innenfor soknets ramme, men i hele kirkeorganisasjonen.

”Et velfungerende demokrati er avhengig av en godt fungerende administrasjon som forestår utredning og oppfølging av saker som behandles i de valgte organene.”

* Fjaler sokneråd er uroa over at statstilskotet som vart innført i 1996 for å styrkje adminstrasjonen i lokalkyrkjelydane no er redusert til eit minimum.

Kapittet 4 Dagens ordning for kirkelige valg og vurdering av disse.

Lav valgdeltakelse som utfordring

Det ser ikke ut til at valgmuligheter i form av alternative lister fører til vesentlig økt valgdeltakelse. Den faktoren som ser ut til å påvirke nivået på valgdeltakelsen mest, er hvor lite og oversiktlig lokalsamfunnet er, dernest om valget er gjort mer tilgjengelig ved å finne sted samme dag som offentlige valg.

Kapittel 5 Valgordninger.

Val av menighetsråd. Valg av Kirkemøte og bispedømmeråd. Øke antall leke medlemmer i Kirkemøtet (og bispedømmerådet). Etablering av reelle valgalternativer - Innføring av preferansevalg. Økt bruk av direkte valg. Spesielt om bispeembetets medvirkning i de kirkelige styringsorganer. Konsekvenser av arbeidsgruppens forslag. Andre alternativer.

Fjaler sokneråd har følgende merknader til det Arbeidsgruppa foreslår:

- Rådet er positivt å auke tal leke medlemmer til Kyrkjemøtet men tykkjer Bispedømerådet blir litt i største laget. I tilsetjingssaker bør det opprettast partsamansett utval der arbeidsgjevarsida er representert av leke representantar. (Auke i Bjørgvin frå 4 – 9 leke medlemmer – totalt 13 i bispedømerådet)
- Soknerådet meiner at tida enno ikkje er inne for å innføre preferanseval – men at preferanseval kanskje kan innførast på sikt etter at valdeltakinga har auka og kyrkjemedlemene har blitt meir vande til- og bevisste på kyrkjelege val. Soknerådet meiner at dagens valordning bør fortsetje trass i at nominasjonskomiteen har ”uforholdsmessig” stor makt. Valet bør skje samstundes med offentlege val, då fortrinnsvis på same dagen som kommunevalet, sjølv om ein kanskje vil konkurrere om dei same kandidatane som til kommunevalet.
- Dersom preferanseval ved val til kyrkjemøte (og bispedømeråd) (velje mellom personar på ei felles liste - for å unngå fleire vallister) blir valt som modell, er det ein føresetnad at kandidatane vert godt nok presenterte.
Blandingsmodell – vanskeleg å forklare veljarane – men kan vere positivt då den modellen gir små sokneråd større innverknad enn ved berre direkteval. Er samd i at kvart råd då avgir ei samla stemme og ikkje at kvart medlem avgir stemme som no.
- Rådet har inga motførestilling til å opprette eit tolvte bispeembete for betre å legge til rette for utøvinga av presesfunksjonen i Bispemøtet og dei demokratisk valde styringsorgana.
- Med tanke på budsjetthandsaminga om hausen er det uheldig at rådet si funksjonstid startar så tidleg som 1.oktober – det hadde hjelpt om det vart 1.november. Ein kan seie at det same problemet har kommunestyret, men erfaringsmessig har sokneråda og fellestråda større utskifting av medlemmer. Det er ønskjeleg at det sitjande rådet som har erfaring handsamar påfølgjande års budsjettframlegg til kommunen.

Kapittel 6 Ytterligere forslag til tiltak for å styrke oppslutningen ved de kirkelige valgene.

Tid og sted for valgene, Valkort – Info om stemmerett og valgbarhet, tid og sted for valgene. Manntall basert på Den norske kirkes medlemsregister. Stemmerett i annet sokn enn bostedsoknet, Elektronisk stemmegivning. Informasjon om nominasjonssystem og n.prosess. Presentasjon av kandidatene. Senket stemmerettsalder. Tiltak for å stimulere ungdom til deltakelse i det kirkelige demokratiet. Tiltak for å gjøre det mer attraktivt å påta seg kirkelige verv. Valgperiodens lengde. Tiltak for skolering av rådsmedlemmer. Administrativ kapasitet og skolering i forberedelse og gjennomføring av val. Endring av betegnelse fra ”råd” til ”styre”

Fjaler sokneråd støttar hovudinnhaldet i det Arbeidsgruppa foreslår vedkomande felles valdag og kyrkjeval samstundes med offentlege val, innføring av valkort - men har likevel følgjande synspunkt:

- Presentasjon av kandidatane må sendast ut samstundes med valkortet – valkortet må også ha henvisning til internettadresse.
- Innføring av elektronisk val trur vi at dei kyrkjelege vala vil skåre stort på og det bør innførast så raskt som praktisk mogeleg.

- Tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle for arbeid i råda MÅ følge det som gjeld for verv i kommunen. Det må ikkje differensierast etter storleiken på fellesrådet. Store råd har ofte betre økonomi og meir administrativ hjelp enn små råd.
- Soknerådet er samd i at stemmerettsalderen må vere lik alder for å kunne veljast, men støttar ikkje å senke stemmerettsalderen til 15 år. Rådet meiner at alderen bør vere lik alderen for dei andre offentlege vala – 18 år. Ungar på 15 år er ikkje modne nok til å inneha verv, og er ikkje reflekterte nok til å stemme. Å knyte opplæringa om kyrkjeleg struktur og kyrkjelege val til konfirmantundervisninga vil uansett vere naudsynt og nyttig. Det er elles meir enn nok oppgåver i lokalkyrkjelyden å utfordre ungane på utanom rådsarbeid.
- Opplæring av rådsmedlemer er viktig på alle nivå. Når det gjeld skulering av soknerådsmedlemer MÅ ein gå bort ifrå To Handbøker og bli samde om EI bok for rådsmedlemer. Hovudtyngda av opplæringa må skje lokalt, men kan også skje prostivis.
- Endringa av nemninga frå ”råd” til ”styre” er heilt naudsynt. Eksempelvis Fjaler kyrkjestyre. Rådsnemninga gir feil signal til folk flest om kva ansvar som ligg til å styre den lokale kyrkja og samsvarar betre med mandatet til dei folkevalde.

Kapittel 7 Tiltak for å styrke prosessene rundt framtidig utvelgelse av proster og biskoper.

Ordning for utvelgelse av biskoper Ordning for utvelgelse av proster

Fjaler sokneråd støttar hovudinnhaldet i det Arbeidsgruppa føreslår men har likevel følgjande synspunkt:

Tilsetjing av biskop.

- Ordninga med at Kyrkjerådet og biskopane avgir grunngevrne fråsegner etter den rådgivande avstemminga er ferdig, må fortsetje. Bispedømerådet bør også ha høve til å uttale seg.
- Som tidlegare nemnt, må ein sjå nærare på dagens skeivfordeling mellom vigsla og andre fellesrådstilsette sitt høve til å stemme.
- Kandidatane må ha demonstrert teologisk kompetanse.
- Rådet meiner at det ikkje skal innførast åremål for biskoper.
- Rådet meiner det bør vere høve til å melde sin interesse for bispestillingar.

Tilsetjing av biskopar etter 2013.

- Støttar alternativ b. ...tilsetjing av Kyrkjemøtet av ein av dei tre som har oppnådd flest stemmer i den rådgjevande avstemminga.

Tilsetjing av prostar.

- Støttar at bispedømerådet må tilsetje prostar, og at stemmgjevinga av råda i prostiet må tilleggast hovudvekt.

Kapittel 8 Evaluering og forkning.

Forskingsbasert evaluering. Valgundersøkelser. Erfarings- og motivasjonsundersøkelse blant menighetsråds- og bispedømmerådsmedlemer. Etablering av historisk valgresultatbase for analyse av de kirkelige valgene.

Fjaler sokneråd har ingen merknader.

Kapittel 9 Forslag til endring i regelverket.

Fjaler sokneråd har ingen merknader.

Kapittel 10 Økonomiske og administrative konsekvenser.

Innledning. Kostnader ved gjennomføring av valget. Kostnader ved informasjonstiltak. Kostnader knyttet til utvidelse av Kirkemøtet og bispedømmerådene. Kostnader vedrørende kurs og opplæring av valgapparat og tillitsvalgte.

Fjaler sokneråd har ikkje føresetnad til å vurdere arbeidsgruppas kostnadsoverslag.

Å gjennomføre lokale val vil i framtida verte mykje meir arbeidskrevjande og mykje dyrare enn det er i dag – så for å få avvikla dette på ein god måte må det tilførast nok ressursar til dei lokale fellesråda.

Kostnaden med 1 kr pr røystefør i soknet som lokalt administrasjonstilskot er ALT for lite i høve til meirarbeidet som blir. Dette trass i at tilskot til leige av vallokale og tilskot til informasjonstiltak kjem utanom.

Presentasjon av kandidatane Må sendast alle røysteføre saman med valkorta. Utsending av denne presentasjonen er heilt naudsynt dersom ønsket er å auke valdeltakinga – det overraskar at det vert stilt spørsmål ved dette av arbeidsgruppa.

Møtegodtgjersle må kome i tillegg til tapt arbeidsforteneste og må innførast på lik line med eksisterande praksis i kommunane.

Ein må prioritere midlar til lokal opplæring av sokneråd- og fellesrådmedlemmer, både lokalt i sokna og større prostivise samlingar. Erfaringsmessig har lokale kurs størst verdi på grunn av at dei nyvalde medlemene då får raskt kjennskap til det lokale arbeidet. Prostivise inspirasjonssamlingar der medlemane får møte "likesinna" bør kome når råda har vore i funksjon ei tid.